

Kva er likt mellom eit muslimsk bøneteppe og eit båneteppe i skilbragd? Båe er så pepra med bøner at dei i seg sjølv er eit taust uttrykk for ordet og trua.

Dialog til fjells

Marianne Lystrup, Vinje i Telemark

ml@vl.no

22 310 436

I Vinjehuset heng det no ei utstilling av slike teppe. Den vakre bygda mellom Telemarks trauste fjell har tatt imot mange flyktningar dei siste 10 -12 åra. Dei er frå Bosnia og Somalia, og no sist Liberia. Sume av desse har no lånt ut sine bøneteppe til utstillinga, medan andre folk i bygda har lånt ut gamle åkle, båneteppe, kisteklede eller likåkle.

I tillegg har Lars N. Nygård Orientaliske tepper A.S. lånt ut ein del store og små bøneteppe. Det viste seg nemleg at det ikkje var lett å få låne så mange slike av innflyttarane i Vinje, for dei fleste hadde berre eitt, og det var i bruk fleire gonger om dagen.

– Eg har laga til denne utstillinga for å gjere merksam på at vi faktisk har ein felles tradisjon her, jamvel om det ved første augekast verkar som om dette er heilt forskjellige ting, seier Tone Svalastog Garnes.

Ho er kulturkonsulent i Vinje kommune.

– Alle desse teppa har ei felles rot, men dei har utvikla seg ulikt. Når vi blir klar over det, opnar det seg høve til ein verdfull dialog. Det eldste teppet i religiøs bruk som ein kjenner til, er Pazyrik-teppet som er funne i ei grav sør-aust i Sibir, no utstilt i Eremitage museet i St. Petersburg. Det er datert til fem-seks hundre år før Kristus, og altså før både dei muslimske og kristne bøneteppe.

Utur i mønsteret. Det eldste teppet på veggen i Vinjehuset no er truleg eit kisteteppa eller likåkle i rutevev, som etter tradisjonen er vove av mor til den legendariske Storegut, som levde i siste halvdel av 1700-talet.

– *Er slike teppe framleis i bruk?*

– Sume av dei er i bruk. Dette går litt i bølgjer. Likeins korleis ein brukar det. Kvart teppe som er utstilt her, har ei kort forteljing om kva det har blitt bruka til. Frå gammalt av var det vanleg at likåkledet vart lagt over den døde i samband med dødsfallset, og etterpå over kista under gravferda. Seinare, når det vart vanleg å bruke kiste å legge den døde i, vart åkledet lagt på kista når ho vart førd frå heimen til kyrkja. Når kistene vart måla og pynta, vart åkledet sin plass på krakken kista stod på i kyrkja. Det er skikken i fleire kyrkjer i Vinje og Rauland i dag.

Eit båneteppe i skilbragd frå 1800-talet er samansett av to vovne lengder. Dei var i ein periode spretta frå einannan og nytta som bordløpar. Men i 1945 vart lengdene sauma i hop att, og teke i bruk ved barnedåp i familien som eig det.

– *Kvifor nyttar ein båneteppe?*

– Ein sveiper dåpsbarnet i båneteppet



«Ein kunne tru det var slurv, men det er ikkje det. Årsaka til at det er utur i mønsteret, er for å hindre vonde makter i å finne vegen fram til barnet som er sveipt i teppet»

Tone Svalastog Garnes, kulturkonsulent i Vinje kommune

for å vernu det. Ulike symbol er vovne inn med tanke på det. Og det teppet vi har her, som er sauma saman av to lengder, syner eit mønster som ikkje går opp. Ein kunne tru det var slurv, men det er ikkje det. Årsaka til at det er utur i mønsteret, er for å hindre vonde makter i å finne vegen fram til barnet som er sveipt

i teppet. Etter kvart som teppet har vore brukt mange gonger, tenkjer ein òg at det ber i seg den velsigninga, Fadervåra og salmane som har vore framsagde over det. Det var tette band mellom teppet, hending, handlingar og ord. Teppe og tekst forsterka kvarandre. I tilegg til å vera eit estetisk vakkert uttrykk, fekk

teppa eit meiningsinnhald.

– *Det verkar svært mystisk!*

– Ja, men det er slik med visse ting som ein nyttar berre ved særskilde høve. Dei ber i seg hendingane som dei er ein del av. Vi har det slik med noko av det som høyrer jula til også, trur Tone Svalastog Garnes.

Sokker frå Bosnia. Ho peikar på to av likkleda på utstillinga. Her er det meir utfordring for rasjonelle 2006-folk: Det eine har ein kross innoven. Ikke så rart kan hende, for kristne. Men det mange ikkje veit, er at krossen er eit religiøst



Tradisjonen seier at dette kisteteppet er vove av mor til den legendariske Storegut, som døydde sist på 1700-talet. Den svarte krossen som er innvoven, er sjeldan på slige teppe.



Vi finn åtteblad-rosa både på det 100 år gamle båneteppet fra Afghanistan og på kistekledet som er vove som kopi etter eit 200 år gammalt teppe frå Mo i Telemark.



Tone Svalastog Garnes forklarar at valknuten i midtramma på dette kistekledet, er det same symbolet som ein finn på trafikkskilt til kulturminne.



TEPPEDIALOG

Båneteppe brukar muslmane når dei bed sine fem daglege bøner. Teppet treng ikkje ha særskilt mønster for å nyttast til båneteppe, men mange har det.

Båneteppe er i norsk tradisjon nytta til å sveipe dåpsbarn i. Både for å halde varmen og for å halde vonde makter unna.

Kisteteppe eller likåkle blei i mange norske bygder brukt til å leggje over den døde eller over kista. Sume har valknuten voven inn som symbol på æva.



Eitt av bånetappa på utstillinga. Mønsteret syner symbol for Mekka, og skal peike i den retninga når ein bed.

Semsa Smajic fra Bosnia og Tone Svalastog Garnes som er innfødd vinbyggje, studerer eit av dei mange bånetappa som heng på utstillinga.

Alle foto: Lars O. Flydal



Semsa Smajic spinn på gamlemåten, med handtein. Veven som mannen hennar, Hidajet, laga til henne då dei busette seg i Haukel, er og med på utstillinga.

symbol også kjend i førkristen tid. Han vart rita på brød og i korn i det gamle Egypt. Krossen er eit teikn på at me som menneske lever her på jorda og forheld oss både til medmenneske og Guds skaparverk, – ei horizontal line, og til Gud Fader – den vertikale lina.

På eit anna teppe finn vi ei såkalla åttebladsrose.

– Denne rosa, som òg er nytta på tvinnbavotter, symboliserer kraft og fruktbarheit. At dette symbolet er vove inn i teppet som skal følgje dei døde til grava, heng saman med katolske forestillingar om at dei døde treng kraft for å komme

seg gjennom skjærselden, fortel Tone Svalastog Garnes.

Den same rosa finn vi att på eit sokkepar, som òg er med på utstillinga. Dei kjem frå Bosnia. Dotter av ho som har strikka, Semsa Smajic, bur no i Vinje saman med mannen sin Hidajet og borna deira. Dei kom som flyktningar i 1993. Sjølv har ho vove fleire teppe, og veven hennar er utstilt saman med alle desse teppa.

Nye spørsmål. Slik syner utstillinga at mangt vi held for å vere ekte norsk tradisjon, kan ha skyldskap med urgamle

uttrykk i mange kulturar. Tone Svalastog Garnes fatta interesse for dette alt for nokre år sidan, då ho arbeidde ved senter for vaksenopplæring i Stavanger. Der hadde ho mykje med kurdiske kvinner og menn å gjøre, og oppdaga at ho som vinbyggje hadde mykje til felles med dei, både i handverkstradisjonar, tenkemåte og husdyrhald.

For eitt år sidan tok ho imot Ghandi-stipendet, og no har ho fordjupa seg i dette. Ho har funne ut mykje, men vedgår at for kvart svar ho finn, reiser det seg nye spørsmål.

I alle fall har ho eit ynskje om at ut-

stillinga vil føre til dialog mellom folk i bygda. Mykje tyder på at ho får rett. Utstillinga er hengt opp i samband med vestbylen på kulturhuset, skuleklassar kjem innom, og det same gjer andre grupper i bygda. Den dagen vi gjesta utstillinga, var det den internasjonale kvinnegruppa Kjerringråd som møtte opp for å utveksle meningar.

I Vinje har dei satsa offensivt for å få til integrering av flyktingane som er busett i bygda. Lovorda for tiltaka er mange.

Dialog og samvær må til. Båneteppe og båneteppe er gode utgangspunkt.